

## REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR EIT OMRÅDE PÅ ØVRE LANDE, ØRSKOG KOMMUNE.

§ 1. Det regulerte området er på planen vist med plangrense. Arealet innanfor denne grensa er regulert til

I.	Byggeområde for:	- bustader
III.	Off. trafikkområde:	- køyreveg
		- gangveg
IV.	Friområde:	- leik, turveg
V.	Fareområde:	- høgspent kraftledning
VI.	Spesialområde:	- frisiktsone
VII.	Fellesområde:	- felles avkøyrse

§ 2. Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter for Ørskog kommune. Det er ikkje tillate ved private særrettar å etablere tilhøve som er i strid med desse føresegnene.

§ 3. Unntak frå reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet innanfor ramma av plan- og bygningslova og bygningsvedtektene.

### FELLESFØRESEGNER.

§ 4. Bygg skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene.

§ 5. Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemelding sjå til at bygga får ei god form og materialbruk, og at bygg i same område vert mest mogleg harmoniske i form og storleik.

§ 6. Der planering gjer det nødvendig med støttemur mot nabotomt eller veg, kan bygningsrådet krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

§ 7. Avkøyrse til off. veg skal vere oversiktleg og mest mogleg trafikksikker. Det må ikkje plantast tre eller buske som etter bygningsrådet sitt skjøn kan vere sjenerande for den off. ferdsel.

§ 8. Tre på tomta, steingardar o.l. skal så langt råd er takast vare på.

### I. BYGGEOMRÅDE

§ 9. I områda kan det førast opp bustadhus i inntil to etasjar med tilhøyrande garasje. Antal etasjar skal reknast etter byggjeforskriftene.

§ 10. Bustadhus, garasje og andre uthus skal tilsaman ikkje dekkje meir enn 20% av tomta sitt nettoareal.

- § 11. På reguleringskartet er det vist døme på tomtedeling og husplassering mm. Andre løysingar kan tillatast av bygningsrådet innanfor ramma av reguleringsplanen.
- § 12. Bygningsrådet kan for heile eller delar av bustadområda krevje at det vert forma ein bebyggelsesplan som nærare gjer greie for tomtedeling og husplassering mm. dersom viste løysingar ikkje vert følgd.
- § 13. Det skal på eigen grunn vere plass for minst 1. overdekkka bilplass og 1. oppstillingsplass for bil pr. husvære.

Plassering av garasje og biloppstillingsplass skal vere vist på situasjonsplan som følgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om garasje ikkje vert oppført på same tid som dette.

### III. OFF. TRAFIKKOMRÅDE

- § 14. Avkørsel til off. veg skal leggest til den vegen langs tomta som har lågast status i vegsystemet.

### IV. FRIOMRÅDE

- § 15. Områda skal nyttast til leikeplass og til turveg slik dette nærare går fram av reguleringskartet. Det er ikkje tillate å sette opp bygg som er til hinder for denne bruken av områda.

### VI. SPESIALOMRÅDE

- § 16. Innanfor frisisiktsona skal det vere fri sikt i ei høgd 0,5m over eit plan mellom dei tilgrensande vegane. Arealet kan elles nyttast slik det er naturleg på staden.

### VII. FELLESOMRÅDE

- § 17. Vegen er felles for eigedomane som grenser til vegen.

ØK/AA 23.9.1991, rev.: 18.12.1991, 7.4.1992.

